



Notat

Til: Kristin Nesbø

Kopi til:

Saksbehandler: Plan, bygg, oppmåling og miljø/Christopher Marius Straumøy
Vår referanse: 23/26 - 8 / Gbnr-157/60
Dato: 07.06.2023

Korrigerer av nabomerknader

Sakshandsamar har gjort ein feil i handsaminga av sakaframlegget.


Det står i saksframlegget følgjande om nabomerknader:

Det omsøkte tiltak vil nytte allereie eksisterande infrastruktur med etablerte atkomstveger til område. Intern veg, parkeringsplass og atkomstveg er etablert i forbindelse med tidlegare utbygging i område. Ålmentas ferdsel i strandsona vil ikkje bli negativt påverka av det omsølte tiltak. Kommunedirektøren kan heller ikkje sjå at omsøkt tiltak vil medføre at auka ferdsel som vil kunne føra til konflikt i strid med begrensningar til avkøyrse frå fylkeveg som er påpeika av Vestland Fylkeskommune. Grunngevinga er at søkar skal behalde eit naust sjølv og dei andre skal nyttast av andre som har båtplass og/eller vegrett på omsøkt område. Det er inngått intentsjonsavtale mellom partane. Det vil med andre ord ikkje medføre noko auka trafikk verken frå eller til området. I alle høve vil auking vere marginal.

Dette underbyggst mellom anna vidare av at det ikkje er komme inn nabomerknader utanom at det er presisert at naboer støtter søknaden, sjå vedlegg. [REDACTED]

Det riktige er at det først er komme inn fleire merknader. Dei aller fleste av desse har underveis i sakshandsaminga endra merknaden til det positive. Dei to unntakene er frå Ivar Bergsvik og Roy Solheim. Begge partar er eigarar i naboeigedomen gbnr. 157/79, sjå bilete:





Begge merknadene ligg ved saksdokumentene.

Merknad frå Solheim med kommentar frå søkar under.

Roy Solheim


t: Ved oppføring av 3 naust på bruk nr 60 vil tilkomst til flytebrygge i forkant av bruk nr 60 og tilkomst til båtfesterett på sørlige punkt på bruk nr 79 bli vesentlig vanskeligere. Det må også tas hensyn til at avstand til grense til min nøstetomt blir overholdt iht gjeldene krav til nabogrenser. Meiner derfor at 3 naust blir for mykje i dette tilfellet og at reguleringsplan blir overholdt.

Svar;

Skjønner ikke hvordan tilkomst til flytebrygge og båtfesterett i sør skal bli vanskeligere som Roy skriver. Eierene det blir referert til har kun gangrett og ingen av nøstene blokkerer veien ned til område. Er langt til Roy sin grense, så dette blir bare oppspinn fra hans side. Han er i tillegg en av eierene på bruk 157/79 som har makset ut tomten med 4 nøst.

Kommunens kommentar:

Kommunen er ikkje samd i vurderinga av at tilkomst til flytebrygga og båtfestepå gbnr 157/79 blir vesentleg vanskelegere. Viss ein ser på reguleringsplankartet visast dette og ganske greitt. :



Vegtilkomsten ned til gbnr 157/79 blir ikkje sperra i nevneverdig grad. Søkar må ved godkjent rammeløyve i alle høve søka igangsetjingsløyve kor plassering vil vere eit sentralt tema. Men kommunen ser på kart at det rikeleg med plass for å unngå å sperre for vegen og avstandsgrenser til nabotomta sjølv med 3 naust.

Merknad frå Bergsvik, Ivar med kommentar frå søkar under.

Ivar Bergsvik

Viser til motteke nabovarsel gjeldande nytt bygg på gnr 157 bnr 60 i Buholmen/Bergsvik i Austrheim kommune.

I reguleringsplanen for Buholmen er det regulert inn 1 naust på bnr 60. Slik eg forstår nabovarslet vert det no søkt om 3 naust i rekke, altså 2 naust meir enn det reguleringsplanen opnar for. Eg vil minna om at det tidlegare har blitt gitt dispensasjon for flytebrygge på bnr 60 med 6 båtplassar for 5 hytter i Bergsvikmarka. Om eg har forstått det rett, er den 6. båtplassen for eigar av bnr 60.

Flytebrygga var ikkje med i reguleringsplanen, men vi naboar meinte det var greitt all den tid dåverande eigar av bnr 60 berre hadde bedt om 1 naust på sin tomt. Minner og om at dei 5 hytteeigarane i Bergsvikmarka berre har gått i fellesvegen. Dei har ikkje rett til å parkera på parkeringsplassen P1, berre rett til på- og avstiging.

Når det no vert søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen for oppføring av 2 ekstra naust, så vil eg minna om at i det første utkastet vi hadde inne til vurdering hjå kommunen, så bad vi om 35 naust (inkl. 7 naust som var bygde før reguleringsplanen), 5 hus/hytter og 2 rorbuer. På formannskapet si synfaring i august 2005 fekk vi tilbakemelding frå kommune om at rorbuer var heilt uaktuelt. 5 hus/hytter kunne det opnast for, men at talet på naust måtte reduserast til det nivået formannskapet gav signal om på synfaringa. 35 naust var ein altfor høg utnyttingsgrad. Vi reduserte då talet på naust frå 35 til 23. I 2013 vart reguleringsplanen vedteken med 23 naust og 5 hus/hytter.

Eg ber om at kommunen tar med i si vurdering korleis dei som ikkje fekk alle sine naustplanar innvilga i 2013 kjem til å oppfatta det, dersom det no vert opna for fleire naust enn det som ligg i den vedtekne reguleringsplanen. Eg meiner det vert feil å innvilga søknaden nettopp av den grunn at fleire grunneigarar har måtta redusera sine naustplanar etter klare signal frå formannskapet i 2005. Naustområdet N3 er eit lite sjøområde, som i reguleringsplanen har 7 naust/brukarar. I og med flytebrygga for dei 5 hyttene i Bergsvikmarka, så har N3 no 12 brukarar. No vert det søkt om 2 nye naust/brukarar, altså vert det ei dobling frå reguleringsplanen. Eg ber kommunen ta dette med i vurderinga og. Eg meiner det blir ein altfor høg utnyttingsgrad av N3.

I nabovarslet står det under Tiltaksformål: «Annet». Det hadde vore greitt å få vita kva formålet med dei to ekstra nausta er?

Svar;

Syns det er veldig fint det Ivar skriver i sin merknad. Men det Ivar glemmer å si er at han selv som har like stor sjø tomt som meg, og har skilt ut til 4 nøst selv. Så her er det Ivar selv som har hatt best utnyttingsgrad og uttelling i N3. I tillegg har han ikke bygget nøstet sitt etter byggeløyet fra 1995. Så troverdigheten og meningene til Buholmen sin selvutnevnte representant fremstår som utrolig svake. Reguleringsplanen har blitt endret flere ganger i senere tid og det har vært gitt flere dispensasjoner. Så i tillegg til å komme med svar på Ivar sin merknad, ber jeg kommunen gjøre øyeblikkelige tiltak når det gjelder eiendommen på 157/79. Nøstet er ikke bygget i tråd med vedtak fra 1995 og flere av forutsetningene for å få bygge har aldri vært på plass. Bla ikke satt i rekke slik tegning viser. Veier er heller ikke utarbeidet i tråd med innvilget søknad. Mener nøstet bør rives og ny søknad må på plass. Nok en gang er det gjort noe ulovlig fra familien Bergsvik.

Kommunens kommentar:

Når det gjeld kommentaren om gang-og vegrettar så har søkar allereie vegrett til nausta. Men det trengs ikkje vidare rettar enn gangrett for andre kjøparar då det er tale om naust. Dette faller likevel utanfor kva bygningsmyndigheitane skal vurdere ettersom dette er eit privatrettsleg spørsmål som ikkje kommunen skal vurdere i søknaden, jf. plan-og bygningslova § 21-6. Når det gjeld kva føremål nausta skal ha kan det merkast at dei skal brukast til naust. De må og byggast i tråd med normene som er sett av kommunen i KPA.